



## Notat

Dato: 25.09.2018  
Arkivsak: 2014/19488-19  
Saksbehandlar: johmeye

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Tillegg til sak: varslingsrutine for folkevalde politikarar i Hordaland fylkeskommune**

Under behandlinga av sak PS 242/218 i Fylkesutvalets møte 20. september i år kom det fram kommentarar og innspel som fylkesordføraren har bede fylkesrådmannen om å innarbeide i eit revidert utkast til «varslingsrutine for folkevalde politikarar i Hordaland fylkeskommune».

Instituttet «interpellasjon» er strøket i det reviderte utkastet. Setninga «dersom varselet gjeld fylkesordføraren...» er flytta inn under pkt 1 i avsnittet om varslingsvegar. Elles er det berre gjort nokre språklege justeringar i det same avsnittet om «varslingsvegar for dei folkevalde»

Med desse endringane vil det reviderte utkastet til varslingsrutine for folkevalde politikarar få denne ordlyd:

#### **Målgruppe for denne varslingsrutinen**

Rutinen er utarbeidd for medlemmene og varamedlemmene til fylkestinget og dei som elles er valde av fylkestinget til å representere Hordaland fylkeskommune i ulike utval og råd.

Dei folkevalde er ikkje tilsett som arbeidstakarar i fylkeskommunen og er såleis ikkje omfatta av arbeidsmiljølova sine reglar om varsling. Rutinen gjev difor rettleiing for den folkevalde politikaren i korleis ho eller han kan varsle om det ein meiner er eit kritikkverdig tilhøve i Hordaland fylkeskommune.

#### **Kva er varsling om kritikkverdige tilhøve?**

For å sikre lik behandling av varslings saker vert definisjonen i rutinen for tilsette om «Varsling i Hordaland fylkeskommune» nytta også i denne rutinen:

*Det vert rekna som varsling når ein (...) seier frå om kritikkverdige forhold i verksemda, òg kalla "whistleblowing". Med kritikkverdige forhold meiner ein noko som er i strid med lover og reglar, fylkeskommunen sine retningsliner eller kva som allment vert oppfatta som forsvarleg og etisk akseptabelt.*

*Døme på kritikkverdige forhold er:*

- Forhold som fører med seg fare for liv og helse*
- Mobbing, diskriminering og trakassering*
- Seksuell trakassering*
- Korrupsjon*

- Underslag, tjuveri eller økonomisk svik
- Brot på teieplikta, personvern eller tryggingsrutinar
- Maktmisbruk

*Kva som elles vert rekna som eit kritikkverdig forhold, skal tolkast i lys av kva det er knytt samfunnsinteresse til, altså at det må gjelde noko fylkeskommunen skal, og venteleg kan gjera noko med. Varselet bør vere tilstrekkeleg konkret til at fylkeskommunen kan forstå at det er tale om eit varsel og kva ein varslar om.*

### **Varslingsveggar for dei folkevalde**

Som folkevald har ein rett til å ta opp spørsmål ved alle sider av den fylkeskommunale verksemda gjennom innlevering av skriftleg sak. Det er to alternative varslingsveggar for varsling av kritikkverdige tilhøve:

1. Varsel til fylkesordføraren på eige skjema for melding om kritikkverdige tilhøve. Dersom varselet gjeld fylkesordføraren eller personar som er nærstående til fylkesordføraren slik at det kan stillast spørsmål om fylkesordføraren sin habilitet, skal varselet i staden sendast til fylkesvaraordføraren. (Når ein i det vidare viser til «fylkesordføraren», vil det same gjelde for fylkesvaraordføraren når varsel er sendt til fylkesvaraordføraren.)
2. Varsel gjennom skriftleg melding av eiga sak til kontrollutvalet

### **Nærare om første alternativ (eige skjema)**

Dei folkevalde skal primært nytte alternativ 1 for varsling av kritikkverdige tilhøve. Skjemaet som vert nytta skal signerast med fullt namn og skal adresserast/sendast til Fylkesordføraren, Postboks 7900, 5020 Bergen. E-post kan nyttast, men ver merksam på at sensitive personopplysningar ikkje skal sendast pr e-post.

Den som varslar skal straks etter levering av varselet motta ei kvittering på at varselet er motteke.

### **Saksbehandling**

Når fylkeskommunen har mottatt eit varsel om kritikkverdige tilhøve frå ein folkevald vil fylkesordføraren vurdere om saka skal følgjast opp av fylkesrådmannen, eller om saka skal leggjast fram for fylkestinget eller fylkesutvalet for vidare behandling. Fylkesordføraren kan og som eit tredje alternativ vurdere om saka skal leggjast fram for kontrollutvalet med sikte på eventuell forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll.

Den folkevalde som har levert varselet skal innan rimeleg tid bli orientert om framdrifta i saka. Saksbehandlinga skal følgje normale reglar i samsvar med forvaltningslova.

### **Avsluttande orientering til varslar**

Den folkevalde som har varsla skal orienterast skriftlig om utfallet av varslinga, òg der saka er lagt vekk utan vidare etterøkingar. Det må òg orienterast om kven som kjenner identiteten til varslaren, og på kva nivå saka vart handsama. Utover dette, har ikkje varslaren krav på nærare innsyn i sakshandsaminga eller kva vurderingar som vert gjort i saka.